

Turistnæringa blir pålagt stenging

Vinje kommune ved kommuneoverlegen har valt å gjera nokre drastiske tiltak for å hindra vidare spreiding av Covid-19 (korona) viruset. Dette er tiltak vi ser er nødvendig for å hindra tilstrømming av folk inn til kommunen som kan vera smitta av Covid – 19 viruset.

Vinje kommune ved kommuneoverlegen pålegg turistnæringa å stenga spisesteder, hotell, overnattingsstader og skianlegg frå og med i morgon 13.03.2020 og over påske.

Dette er inga lett avgjerd då vi ser at dette kan ha store konsekvensar for næringa og dessutan det er både vondt og vanskeleg å hindra folk til å komma til kommunen vår.

Grunngivinga for avgjerda er i tråd med nasjonale føringar og smittevernlova.

Vinje er ein liten kommune med 3676 innbyggjarar, men har over 5700 hytter og det kan vera så mange som 20.000 – 25.000 personar som oppheld seg i kommunen store delar av året. Tiltaket er òg sett i gang for å hindra vidare smittespreiing lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Når vi no er den situasjonen vi er, er det ein riktig men tøff avgjerd.

Vi oppmodar alle veldig sterkt til å halda seg heime og unngå kontakt som er unødvendig.

Vi ynskjer ikkje at folk no bruker fritidsbustadene sine i denne perioden men held seg heime der dei bur. Dette fordi vi ikkje ynskjer tilreisande med mogleg smitta til kommunen. Dette er det sendt ut melding om til alle hytteeigarar tidlegare i dag (12.03.2020).

Vi oppmodar alle til å halda seg roleg i denne vanskelege situasjonen. Det er ingen grunn til å handla inn store mengder mat då det vil føra til stor belastning på dagligvarebutikkane.

Vi beklagar dei ulempene dette måtte medføra, men meiner dette er eit nødvendig og riktig tiltak slik situasjonen er i dag.